

Framtidig organisering av arbeidet for folkemusikk og -dans i Vestland fylke

1. Bakgrunn

Fylka Hordaland og Sogn og Fjordane blei slegne saman til Vestland fylke frå 1.1.2020. Alt under førearbeidet til samanslæinga blei det klart at ein slik ny organisasjon kom til å påverke mange tilhøve i alle sin kvar dag. Det ville komme til å opne både nye moglegheiter og nye utfordringar.

Områdelaga Hordaland folkemusikkklag og Sogn og Fjordane folkemusikkklag ville også stå overfor same situasjon. Ikkje minst fordi fylkeskommunen har vore og vil komme til å bli vår største økonomiske sponsor. Spørsmålet om korleis vi best skulle førebu oss dukka raskt opp.

Begge områdelaga deltok i samtaler om dette seg i mellom og saman med andre aktørar innan same sjanger så som Førdefestivalen, Ole Bull Akademiet, Hardingfela.no, Osafestivalen, kulturskulane, fylkeskommunen mfl. Den nye kulturadministrasjonen gav klare signal om at dei kom til å handsame områdelaga som ei gruppe og tildele tilskot som ein samla sum. Det betyr at vi må finne ein måte å fordele pengane oss i mellom sjølv.

Med dette som bakgrunn gjorde årsmøta i folkemusikkklaga både i Sogn og Fjordane (2020) og Hordaland (2021) slikt samordna vedtak:

Årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikkklag / Årsmøtet i Hordaland folkemusikkklag ber styret sette ned ei arbeidsgruppe på 2 personar, der leiaren er ein av dei. Desse skal saman med 2 personar frå Hordaland folkemusikkklag / Sogn og Fjordane folkemusikkklag greie ut fordelar og ulemper med ulike framtidige samhandlingsalternativ innan utgongen av 2021. Dette skal så vera med å gje grunnlag for eit endeleg vedtak om framtidig struktur på årsmøte i 2022.

Arbeidsgruppa vart følgjande: Styreleiar Per Øyvind Tveiten og styremedlem Åslaug Timenes Bell frå Hordaland folkemusikkklag (HFL) og styreleiar Knut David Hustveit og Ingrid Schei Stuhaug frå Sogn og Fjordane folkemusikkklag (SFFL).

Rapporten inneholder ein gjennomgang av arbeidet til gruppa, med mellom anna talgrunnlag og informasjon frå og om lokallaga og områdelaga, deretter gruppa si vurdering av to ulike samhandlingsalternativ, og til slutt gruppa si tilråding til årsmøta.

2. Arbeidet i gruppa

Som grunnlag for arbeidet ynskte arbeidsgruppa å skaffe seg mest mogleg informasjon om stoda i områdelaga og lokallaga. Arbeidet starta difor med innhenting av talmateriale frå lokallaga, i tillegg til gjennomgang av tidlegare innhenta kunnskapsgrunnlag.

Nedanfor følgjer oppstilling av medlemstal og økonomi i dei to områdelaga, samt gjennomsnittlege rekneskapstal for lokallaga i SFFL og HFL. Vidare følgjer eit oversyn over prioriterte aktivitetar i lokallaga, ei oversikt over eksisterande samarbeid mellom områdelaga og andre sentrale aktørar, og ei oppstilling av sentrale skilnader mellom dei to områdelaga.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

2.1 Betre oversyn over områdelag og lokallag

Medlemstal – 2021

Lag	I alt	Born u. 15 år	Ungdom 15-18 år	Vaksen	Vaksen u.26 år
SFFL	637	55	37	545	121
HFL	457	69	16	372	28
I alt	1094	124	53	917	149

Kontingent – 2021

Områdelag	Vaksen medlem	Barn og unge (tom. 18 år)	Lokallag
SFFL	100	40	900
HFL	25	25	0

Økonomi i områdelag og lokallag – 2019 og 2020

Lag	Tekst	Årsresultat		Eige	
		2019	2020	2019	2020
SFFL	<u>Inntekt</u>				
	Medlemskontingent	24 520	54 600		
	Tilskot fylkeskommunen	200 000	200 000		
	Andre tilskot	119 220	85 000		
	Andre inntekter	63 350	217 732		
	I alt	407 090	557 332		
	<u>Utgift</u>				
	Lønn tilsett	253 376	117 546		
	Instruktørlonn	15 601	-		
	Feriepengar	30 405	14 105		
	Styregodtgjersle	15 000	15 000		
	Arbeidsgjevaravgift	27 039	16 616		
	Andre lønnskostnader	29 445	4 611		
	Sum personalkostnader	370 866	167 878		
	Driftskostnader i alt	479 326	269 766		
	Samla årsresultat	- 71 109	287 846		
	Omløpsmidlar			536 437	793 761
	Myklebustfondet			- 122 212	- 122 212
	Mo-kurs fondet.			- 89 108	- 89 374
	Ikkje bunden eige			325 117	582 175
	Ikkje bunde eige pr medlem			510	914
			-		
HFL					
	<u>Inntekt</u>				
	Medlemskontingent	9 525	8 650		
	Tilskot fylkeskommunen	70 000	70 000		
	Redusering av gjeld		18 000		
	I alt	79 525	96 650		
	<u>Utgift</u>				
	Stønad innvilga	52 000	52 000		
	Stønad utbetalte (frå tidl. år)	3 000	23 000		
	Samla driftsutgifter	3 528	2 107		
	I alt	58 528	77 107		
	Samla årsresultat	21 510	19 860		
	Lagseige			282 010	297 147
	Lagseige pr medlem			617	650

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

Gjennomsnittlege rekneskapstal for lokallaga (basert på 4 lag i Hordaland og 7 lag i S & Fj):

Lag	Årsresultat		Eige	
	2019	2020	2019	2020
Lokallag H	12 503	48 482	282 080	297 147
Lokallag S&F	18 370	32 158	536 473	793 761

Merknad til det økonomiske resultatet for 2019 og 2020:

Resultata frå 2020 må sjåast i samanheng med Covid-19 pandemien som stoppa mykje aktivitet. Særleg for SFFL vart konsekvensane store. Her hadde områdelaget planlagt og fullfinansiert både Mo-kurs og TØFT. Mo-kurset vart avlyst og TØFT gjennomført med berre to samlingar. Løyvde tilskot vart dermed ikkje nytta, og heller ikkje utbetalt. Pandemien førde samtidig til at alle styremøte pluss årsmøte i 2020 vart gjennomført som nettmøte. Det sparde tillitsvalde for mykje tid og laget for mange møteutgifter (lokalleige, matservering og reiser). I tillegg er det viktig å vite at dagleg leiar arbeidde berre i 25% stilling i 2020.

HFL merka i hovudsak pandemien ved at færre lokallag enn normalt søkte om tilskot til arrangement i andre halvdel av 2020. At den løyvde summen for innvilga stønad til laga likevel ikkje er lågare enn i 2019, syner at mange lokallag var tidleg ute med å søkje støtte til prosjekt i 2020, og hadde planlagt mykje aktivitet. Mange av dei planlagde prosjekta vart dessverre avlyste på grunn av pandemien, mellom desse Vestlandskappleiken.

2.2 Oversyn over prioriterte aktivitetar i lokallaga

Områdelaga har ei viktig oppgåve i å vere bindeledd mellom lokal- og sentralledd i FolkOrg. Difor er det avgjerande at områdelaga kjenner til kva som rører seg kring i lokallaga. Sjølv om det er eit breitt spekter av lokallags-aktivitet, ser ein at mange lag møter om lag dei same utfordringane. Oppstillinga nedanfor syner det laga sjølv løftar fram som prioriterte aktivitetar og/eller utfordringar. Opplinga nedanfor viser også korleis mange lag prioriterer aktivitetane/utfordringane sine, der første og til dels andre punkt er klart viktigast. Mange aktivitetar høver gjerne under fleire hovudoverskrifter og opplinga er ikkje uttømmande.

- Rekruttering:
 - Opplæring – gjerne i samarbeid med kulturskulen
 - Vise seg fram i lokalmiljøet
 - Faste øvingar med sosialt samvær både delt og på tvers av aldersgrupper
- Miljø:
 - Skape trivelege møteplassar
 - Møte andre (kurs, kappleikar, festivalar mm.)
- Vidareutdanning:
 - Bruke kulturskulen/distriktsmusikarordninga og musikk- og dansearkiv
 - Lære av viktige tradisjonsberarar
- Informasjon-/informasjonskanalar:
 - Vise seg fram (Bruke lokale «Open scene»-arrangement, til dømes)
 - Bruke ulike nettplattformer
- Politisk arbeid:
 - Gjere seg synleg i politisk arbeid
 - Dyrke god kontakt med offentlege institusjonar
- Vilje til gjennomføring:
 - Arrangere og delta på kappleikar, kurs.
 - Finne og bruke nye arenaer.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

3. SFFL og HFL sine samarbeidsprosjekt

Samarbeid områdelaga imellom:

- Vestlandskappleiken: Samarbeidet har halde på lenge. Det vert arrangert kvart år av lokallag skiftevis i Hordaland og Sogn og Fjordane. Tiltaket vert i dag styrt etter særskilde vedtekter først oppretta i 1997 og sist reviderte i 2017.
- «Mo-kurs» og rekrutteringsarbeid: SFFL sitt mangeårige sommarkurs «Mo-kurset» har ei lang og viktig historie for arbeidet med rekruttering av barn og ungdom, først og fremst for Sogn og Fjordane, men også frå andre deler av landet. Mo-kurset har også vore ein viktig arena for Hordaland. I 2019 måtte kurset avlysast på grunn av for lite påmelding. I åra før hadde det vore jamn nedgang i deltakartalet. Med dette som bakgrunn vart styra i områdelaga i 2020 samde om etablere eit formelt samarbeid rundt Mo-kurset og andre rekrutteringstiltak. Det føreligg pr. i dag ingen konkret avtale om samarbeidet, men det er etablert ei felles arbeidsgruppe som arbeider med evaluering av alle rekrutterings- og opplæringstiltak for born og ungdom i regi av områdelaga.

SFFL si samhandling med andre organisasjonar:

- Førdefestivalen: SFFL var med og påverka til at Førdefestivalen kom i gang. Laget er i dag med i representantskapet for festivalen. I samband med Førdefestivalen 2021 samarbeidde vi om å få til eit mindre barne- og ungdomskurs, UngLåt. Førdefestivalen viser stor interesserte i å vidareføre dette samarbeidet, og ynskjer å vere med å utvikle eit nytt og meir attraktivt «Mo-kurs» (sjå ovanfor).
- Hardingfela.no sitt råd: SFFL vart invitert til å bli medlem av dette rådet i 2021, då det vart utvida. Rådet utgjer i dag eit fellesskap for dei aller fleste organisasjonane som har interesse av å fremje dei same verdiane som områdelaga. Og har dermed stor slagkraft som vil kunne påverke ulike aktørar til tiltak som stettar vårt sams mål om ta vare på og utvikle denne kulturarven vi arbeider med.
- Sogn og Fjordane ungdomslag: Folkemusikklaga i SFFL har det aller meste av sitt samarbeid knytt opp mot lokallagsaktivitet. Det er fleire sams gamal- og bygdedansøvingar kringom i Sogn og Fjordane der ungdomslaga organiserer dansen og spelemannslaga står for musikken. Mange av medlemmene i områdelaget er også medlemmer i ungdomslaget og vise versa.
- Vestland fylkeskommune: Fylkeskommunen har frå skipinga av SFFL vore den viktigaste økonomiske samarbeidspartnaren. Laget har alltid hatt ein god dialog med tidlegare fylkeskommune knytt til finansiering av lagsdrifta og i tillegg finansiering/del-finansiering av ulike prosjekt som opplæring og ungdomssatsing. Det har vore tett samhandling og medverking til utvikling av fylkesmusikarordninga og seinare distrikts-musikarordninga og fylkesarkivet. Det har også vore god dialog om og med innspel til fylkeskommunale planar. Denne gode dialogen er så langt vidareførd med Vestland fylkeskommune – no seinast om denne saka.

HFL si samhandling med andre organisasjonar:

- Hordaland ungdomslag: samarbeid om prosjekt, som t.d. «Bygda dansar» i Hordaland, og gjennom god kontakt med styret i Hardanger Folkemusikksamling der HU er med. Vidare gjennom fagkomitearbeid for fylkesstipenda og andre prosjekt/tiltak av sams interesse. For eitt av våre lokallag (spelemannslaget i BUL Ervingen) er hovudlaget eit NU-lag.
- Hardingfela.no: Vi har eit tett samarbeid med hf.no, i konkrete prosjekt og tiltak, og som deltar i rådet for hf.no.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

- Ole Bull akademiet: sentral utdanningsinstitusjon som vi har god kontakt med, i samband med kurs og utdanningstilbod, gjennom hardingfela.no, Osafestivalen, og også som samtalepart i det organisasjonsmessige arbeidet.
- Osafestivalen: viktig arrangement i fylket, og med tilhøyrande tiltak som UngOsa.
- Senter for folkemusikk og folkedans (SFF): særlig aktuelt no, då «Bygda dansar» i Hordaland er i arbeid. Generelt ein faginstans som og HFL nyttar seg av.
- Vestland fylkeskommune: vidareført eit godt samarbeid med fylkeskommunen i samband med driftstilskot og prosjektmidlar, og no og i samband med organisasjonsdrøftingar som denne saka gjeld. Også gjennom arkivteneste (fylkesarkivet har teke ansvar for HFL sitt eldre arkiv).

2.4 Kva skil områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane frå kvarandre:

Føremålsparagrafen til dei to laga har litt ulik utforming, men innhaldet peikar i realitet mot eit tilnærma sams mål; å arbeide for å styrke folkemusikken og folkedansen i nedslagsfeltet, som bindledd mellom enkeltmedlemer, lokallag og FolkOrg. Begge laga driv rådgjeving til lokallaga og medlemmene, i større eller mindre grad. Ser ein på økonomien og aktivitetene i laga syner det ein markant skilnad i arbeidsmåte. I Hordaland har ein lagt stor vekt på å stimulere lokal aktivitet som opplæring m.m. ved å formidle økonomisk stønad til lokallag og andre søkjrar. I Sogn og Fjordane har ein lagt større vekt på å produsere opplæringstilbod og møteplassar med meir, som lokallaga har fått tilbod om å nytte seg av.

3. Arbeidsgruppa si vurdering

Arbeidsgruppa har med bakgrunn i oppdraget frå årsmøta i dei to laga vurdert ulike samhandlingsformer, knytt til korleis vi best kan møte det nye fylket. Både framtidig satsing mot felles mål og fordeling av tilgjengelege ressursar, gjer at det i praksis er uaktuelt å halde fram med noverande struktur utan at vi tilpassar oss både kvarandre og det nye Vestland fylke. Gruppa ser to reelle moglege hovudalternativ for framtida pr. i dag:

1. *Behalde noverande organisasjonsstruktur, men skipe eit samarbeidsorgan som skal representere begge laga overfor offentlege og private samarbeidspartnarar.*
2. *Slå saman dei to områdelaga til eit felles områdelag for Vestland fylke sitt område.*

Alternativ 1:

Skal vi behalde to organisasjonar synest det heilt klart at vi må etablere eit samarbeid som byggjer på ei bindande avtale vedteken av styret / årsmøtet mellom dei to laga, eller utarbeider eit sett med felles vedtekter for samarbeidsorganet som årsmøtet i begge laga må godkjenne. Her må det først og fremst lagast reglar for fordeling og bruk av laga sine ressursar, ulike samarbeidsformer m.m. Dette gjeld både økonomi og personalressursar.

Nedanfor er teke med ei oppling av punkt vi ser på som positivt og negativt ved ei slik løysing.

Pluss:

- Gjev naudsynte rammer for den samordna kontakten laga treng ha i samhandling med offentlege og private institusjonar og organisasjonar, med omsyn til søknader og anna.
- Fordeler tilførde ressursar på dei to distriktslagene etter fastlagd nøkkel som byggjer på aktivitetar og medlemstal.
- Beheld den lokale forankringa og identiteten områdelaga har i dag.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

Minus:

- Komplisert å avklare mandat, arbeidsoppgåver, fordeling og bruk av ressursar (økonomi og dagleg leiar) som samarbeidsorganet skal ha i høve til styra i begge laga.
- Kompliserer søknadsprosessar og fordeling både av laga sine tilførde og eigne ressursar.
- Krev ekstra sett vedtekter eller avtaleverk, og at områdelaga sine vedtekter må tilpassast.
- Krev ekstra bruk av tillitsvalde si tid og kan dermed medføre ein ekstrakostnad.
- Kan gjere det vanskelegare å rekruttere tillitsvalde, då alternativet kan medføre auka arbeidsmengd.
- Vert eit ekstra organisasjonsledd som kan bli meir uoversiktleg og tungrodd.

Kommentar til alternativ 1:

Dette alternativet vil bidra til å stø opp under den viktige lokale forankringa og identiteten som medlemmene kjenner på og lever for. Denne er viktig for at ein skal kjenne seg heime i organisasjonen og vil vere med å ta vare på, styrke og utvikle lokal kultur.

Det vil bli viktig å få på plass ein god fordelingsnøkkel slik at ein unngår konfliktar knytt til økonomi.

Elles vil truleg dette alternativet ikkje endre nemnande på den framtidige økonomiske situasjonen i nokon av laga så lenge drifta held fram om lag som no. Men ein kan ikkje slå seg til ro med at alt skal vere som før. Begge laga må vidareutviklast. Vi veit frå tidlegare at det er mogleg å få til om ein vil.

Alternativ 2:

Samanslåing krev ny organisering med nye vedtekter m.m. Nedanfor er teke med ei opplisting av både positive og negative sider ved denne løysinga.

Pluss:

- Forenklar samhandlinga mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Det gjev moglegheit for ei styrking av grunnlaget for å handtere den største utfordringa lokallaga våre har, nemleg rekruttering av born og unge. Det skaper eit meir solid grunnlag for å drive opplæring, etablere eit sams instruktørnettverk, skape attraktive fellesarenaer som kurs, festivalar og kappleikar, og elles drive med vidareutvikling.
- Vi får ein organisasjon med større tyngde og slagkraft i møte med både offentlege og privat aktørar. Det vil gje oss ein fordel både i høve til tilgang på økonomiske ressursar og i høve til påverknad av utforming av offentlege planverk.
- Ein ny felles organisasjon vil truleg vidareføre begge laga sine tidlegare oppgåver.
- Ein større organisasjon har potensiale til å få større tyngde overfor media, og kan betre nå ut med informasjon.
- Moglegheit for å etablere ein sams administrasjon/dagleg leiar for heile området.
- Større opning for samhandling med organisasjonar med liknande aktivitetar så som Hardingfela.no, Ole Bull Akademiet, Fjelljomfestivalen, Osafestivalen, Førdefestivalen, Ungdomslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

Minus:

- Stort distrikt med større avstand mellom lokal organisasjon og områdeledd både fysisk og mentalt – sentralisering.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

- Kan vere meir kreyjande å fange opp og røkte alle lokale «dialektar» innan musikk, song og dans, og dermed større fare for at dei ulike dialektane vert ulikt vektlagde.
- Kan misse noko av den lokale forankringa og identiteten.

Kommentar til alternativ 2:

Områdelaga si viktigaste oppgåve er å støtte opp under og stimulere til aktivitet i lokallaga. Eit nytt områdelag med ein dagleg leiari forventar gruppa vil kunne vidareføre begge laga sine tidlegare aktivitetar.

Det er ikkje noko mål i seg sjølv å bli større. Avstandar innanfor området og mellom laga vil auka. Kanskje også mellom einskildlaga og områdelaget. Ei utfordring no i første omgang er at økonomien i stor grad er avhengig av ei kjelde, Vestland fylkeskommune. Vi vil ved ei samanslåing kunne dra nytte av at vi i ulike situasjonar står fram som ein forhandlings-/diskusjonspart.

Ved vidareføring av normal aktivitet vil truleg økonomien endre seg lite. Men med ei forventning om ein sterkare og meir handlekraftig organisasjon, bør det vere ei klar målsetting om auka satsing og dermed auka aktivitet, ikkje minst opp mot dei høgast prioriterte tiltaka. Det vil medføre styrka økonomi. Dette vil igjen medføre behov for dagleg leiing i 100% stilling på litt sikt. Ei slik utvikling vil gjøre det lettare å finansiere gode tiltak. Det igjen vil gje vesentleg betre økonomi. Ei slik utvikling er ynskjeleg og oppnåeleg enten ein held fram med ein eller to organisasjonar, men gruppa trur det er lettare å oppnå ei slik utvikling med eitt områdelag.

Ulikskap «folkemusikk-dialektisk» er truleg eit underordna problem. Til det har vi for mykje felles med lange sams tradisjonar. Her kjem uansett lokallaga inn som den viktigaste aktøren. Det er lokallaga som må dyrke og foredle dei lokale variantane. Områdelaget si oppgåve – og utfordring – er å gje rom for variasjonane på mest mogleg like vilkår.

4. Arbeidsgruppa sin konklusjon

Arbeidet i gruppa har vore opplysande og interessant. Det er alltid nyttig å få betre kunnskap om lokallaga og utviklande for ein sjølv å drøfte korleis ein kan legge tilhøva betre til rette. Gruppa kunne gjerne ynskt seg tilbakemelding frå fleire lag, og dermed fått eit breiare tal- og kunnskapsgrunnlag for arbeidet.

Det har gjennom mange generasjonar vore slik at desse to områda, Hordaland og Sogn og Fjordane, har hatt eit tett og godt samarbeid om folkemusikken. Dei har vitja kvarandre for å lære og utveksle tonar og idear med kvarandre. Både musikken og dansen og folkelynnnet er sterkt prega av denne fellesskapen. Dette gjer at gruppa ikkje ser identitet og tilhørsle som eit stort hinder for ein felles organisasjon.

Avstanden vert større mellom ytterkantane. Det er heilt klart ei fysisk utfordring for samhandling. Dette ser vi kanskje aller best i gjennomføringa av Vestlandskappleiken som er vår lengst varande sams oppgåve. Det er relativt få frå «nabofylket» som møter opp enten den vert halden i det eine eller andre området. Framtida til Vestlandskappleiken synest å bli ei utfordring som nyorganiseringa må ta stilling til. Ein felles organisasjon vil utvilsamt ha større moglegheit til å gje nytt liv til eit slikt arrangement, om det er det som vert målet.

Rapport frå samhandlingsgruppa for områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane

Pandemien vi er inne i har vist oss at organisatorisk er det ikkje noko problem å drive ein større organisasjon. No har vi erfart at nettmøte er både mindre tidkrevjande, billigare å gjennomføre, enklare å organisere og ikkje minst gjer organisasjonsarbeidet mykje meir fleksibelt og er heilt upåverka av avstandar. Siste halvanna året (og vel så det) har vist oss dette i praksis. Gruppa meiner at både avstand og identitet ikkje har same betydning i dag som det tidlegare har hatt i vårt arbeid for å nå måla våre.

Det vil alltid vere lurt å ta innover oss at «at makta rår». Det vil seie at det å bygge ein maktbase i form av ein meir solid organisasjon med større tyngde er den beste måten å møte dei utfordringane vi har i dag. I denne samanheng er rekrutterings- og motiveringstiltak hjå mange lokallag det aller viktigaste.

Arbeidsgruppa ser såleis vesentlege fordeler ved å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane folkemusikklag til eitt lag, og rår til at Årsmøta i begge områdelaga vedtek samanslåing (jf. alternativ 2 ovanfor).

Gruppa har med denne konklusjonen som bakgrunn utarbeid framlegg til vedtekter for eit nytt områdelag som i hovudsak dekker det gamle Hordaland og Sogn og Fjordane (Vedlegg 1).

Dersom dette vert vedteke føreset gruppa at det vert kalla inn til eit nytt ekstraordinært årsmøte i andre halvår 2022. Her skal det takast stilling til nye vedtekter, arbeidsprogram, årsplan og budsjett og val av tillitsfolk.




Samanslåing krev at begge områdelaga går for samanslåing.

Om så ikkje skjer:

Områdelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane vel ei ny arbeidsgruppe som skal utarbeide framlegg til vedtekter for eit samarbeidsorgan / eventuelt lage eit framlegg til avtale mellom områdelaga som definerer rammene for korleis samarbeide skal gjennomførast. Framlegget frå denne gruppa vert å handsame i ordinært årsmøte 2023 i kvart områdelag. Fram til då skal eksisterande styre i begge laga ha ansvaret for gjennomføre naudsynt samhandling innanfor kvart lag sine føremål.

Ved ei slik løysing ser arbeidsgruppa det som viktig at kvart områdelag ser på moglegheitene for å «samkøyre» vedtekten sine. Gruppa har difor utarbeidd eit forslag til korleis likelydande vedtekter som inkluderer eit samordningsorgan kan sjå ut (Vedlegg 2).

Flekke, Naustdal, Tørvikbygd, Osterøy 17.12.2021

Arbeidsgruppa for samhandling mellom områdelaga i Sogn og Fjordane og Hordaland
   
Knut David Hustveit Ingrid Schei Stuhaug Per Øyvind Tveiten Åslaug Timenes Bell